

Nyttige spørsmål og svar

Kva gjer eg dersom...

... ein kvotestudent ikkje er meld inn til Lånekassen?

Fyll ut eit nytt innmeldingsskjema og send det til Lånekassen. Oppgi berre nye kvotestudentar som ikkje er melde inn tidlegare. Skjemaet sender du både som excel-fil per e-post og original per post.

... ein kvotestudent ikkje møter opp som avtalt?

Du må returnere utbetalingsgiroen til Lånekassen og skrive på ei forklaring.

Returner giroen til:

Lånekassen

Startstipend

Postboks 191 Økern

0510 OSLO

... kvotestudenten møter opp seinare enn skolestart?

Sjekk at giroen er gyldig til studenten sin studiestart. Dersom ikkje, returner giroen til Lånekassen. Skriv ei forklaring og be om å få tilsendt ny giro.

... namnet på utbetalingsgiroen er skrive feil?

Ved små avvik, for eksempel når ein bokstav manglar, kan det vere at studenten likevel får heva giroen. Be derfor studenten prøve å heve giroen i ein bank eller på eit postkontor. Dersom studenten ikkje får heva utbetalingsgiroen, må du returnere giroen til Lånekassen saman med eit nytt innmeldingsskjema med korrekt namn. Skriv ei forklaring på giroen.

... kvotestudenten avbryt studiet og reiser heim?

Dersom studenten ikkje har heva giroen før heimreise, returnerer du den til Lånekassen. Dersom studenten berre har brukt ein del av stipendet, kan studenten overføre restbeløpet til kontoen til Lånekassen 7694.05.12936. Be studenten merke betalinga med eige namn og "startstipend". Dersom det blir kravt ei adresse til Lånekassen, kan studenten bruke adressa som står på giroen.

... tilsend utbetalingsgiro ikkje er motteken?

Lånekassen kan ikkje sende ut ny giro før vi har fått den tidlegare utsende giroen i retur, eller før fristen på giroen er gått ut og banken har stadfesta at betalingsoppdraget er sletta. Dersom Lånekassen ikkje får giroen i retur, kan det ta inntil to og ein halv månad før vi kan sende ut ein ny giro.